



Jørgen Helland
Bøtjørnvegen 85
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6880 - 22/72660

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
21.09.2022

Spørsmål om ytterlegare opplysningar om bustadhus på 425/43 Haugland

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype frå 111 (registrert som 112- einebustad med hybel/ sokkel-leilighet i matrikkelen) til 111- einebustad. Du skriv at «huset har vert ein enebolig siden det var bygget i 1955».

Denne bustaden er bygd ca 1955 og i utgangspunktet før plan- og bygningslova (PBL). Kommunen har likevel teikningar av bygget frå 1971/83 då det vart søkt om tilbygg til bustaden. Disse teikningane viser kjøkken og stove i 2 etasjar, noko som nok er årsaka til at dette huset ligg registrert som bygningstype 112- einebustad med hybel/ sokkel-leilighet. Opplysningar om arealet og etasjar er registrert og lagt inn i samband med taksering for eigedomsskatten i Radøy kommune.

Dersom det er utleigebustad i delar av huset, skal denne vera registrert og bygningstypen skal då ikkje endrast.

Før kommunen eventuelt endrar denne bygningstypen frå 112 til 111, ber me om at du kjem med tilbakemelding på at det ikkje er utleigebustad i dette bustadhuset, og eventuelt kjem med opplysningar om korleis huset er i dag/ vert brukt i dag.

Ber også om tilbakemelding på om areala og tal etasjar som er registrert i bygget i dag er rett. Er det også underetasje i huset, eller er det registrert ein etasje for mykje her? Ut i frå teikningane som ligg ved her, viser det berre 2 etasjar og eine bueininga skal vera i H01 og andre i H02. Kommunen vil retta dette etter tilbakemelding frå deg.

Vedlagt ligg også matrikkelrapport for bustaden som viser alt som er registrert om bygget i matrikkelen i dag.

Saka ventar på tilbakemelding frå deg.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

425-43 byggeteikningar
425-43-einebustad før retting

Mottakarar:

Jørgen Helland

Bøtjørnvegen 85

5937

BØVÅGEN